DEN NORSKE KYRKJA
SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD
Møteprotokoll

Møtedato: Møte nr. 5/2026 – Onsdag 28. Oktober 2026, kl 17.00
Møtestad: Sveio Soknehus

Følgjande medlemmer/vara var kalla inn:

Frå Sveio sokneråd:
Solfrid Lier Habbestad, Astrid Furdal, 1. vara Anne Gjelsvik Vierdal og 2. vara Sigrund Breistig (gitt fritak resten av perioden)

Frå Førde & Valestrand sokneråd:
Tor Helge Hardeland, Tove Maryann Bjørge Ottesen, 1. vara Jostein Valen og 2. vara Elisabeth Reiersen

Kommunal representant: Dagfinn Fagerland Bjørge

Prest: Prost Arild Steinsland – fast representant inntil vidare.

Kyrkjeverje: Rita Holmedal

Fråfall vert å melda til kyrkjekontoret så snart som råd, slik at vara medlemmar kan bli kalla inn.

Vara for kommunal representant og vara for soknepresten får innkalling, men treng ikkje møta utan særskild melding.

Vara for kommunal representant: Ragnhild Elise Lysen og Ruth Grethe Østebøvik Eriksen

Vara for prest: Prost Arild Steinsland – fast representant inntil vidare.

Fråfall til dette møtet: Tor Helge Hardeland (sjuk), Astrid Furdal, Anne Gjelsvik Vierdal og Elisabeth Reiersen.

Tekst for dagen ved prost Arild Steinsland.

Saker som skal behandlast:

Godkjenningssaker.
23/2026 Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 010926 - denne finn du på nettsida til Sveiokyrkja.no under Om oss og Fellesrådet.

Drøftings- og godkjenningssaker.
24/2026 Rekneskap 2026 pr 26.10, vedlegg. (Rita)
25/2026 Møte med kommuneadministrasjonen 26.10 – Budsjettframlegg investeringar 2027, vedlegg. (Solfrid/ Rita)
26/2026 Mobilt høgtalaranlegg til kyrkjene. (Rita)
27/2026 Status dugnadsgrupper og dugnadsoppgåver knytta opp mot kyrkjene våre – honorar? (Rita)

28/2026 Søkjar til den vakante stillinga som »Fagarbeidar gravplassar og kyrkjebygg», samt intervju- og tilsetjingsutval. (Rita)

Orienteringssaker.
29/2026.

A. *Staben vår.*
B. *Sakristia i Sveio kyrkja - kostnad, status og framdriftsplan.*
C. *Rehabilitering av tak i Sveio kyrkje – finansiering, status og framdriftsplan. (2027-2030)*
D. *Tilsyn av kyrkjer/ kapell og Soknehuset 230424 – tilsynsrapportar – status og framdriftsplan for oppfølging. Vi avvente nytt Tilsyn med ny leverandør.*
E. *NY 130525: Varmestyring Valestrand kyrkje. Gjennomført 2026.*
F. *NY 030925: Vedlikehald Valen kapell.(2027-2030)*
G. *NY 030925: Universell tilgang til kyrkjer og kapell, samt til scenane i Sveio og Valestrand kyrkje. (2027-2030)*
H. *NY 040226: Kontorsituasjonen med manglande kontor på kyrkjekontoret. (2027)*
I. *NY 040226: Lys til parkeringsplass ved kyrkjekontoret og ved Valestrand kyrkje. (2027-2030)*
J. *NY 040226: Ny arbeidsbil til kyrkja. Gjennomført 2026.*
K. *NY 040226: Jobbe med å få på plass TV og VOB i STABEN.*
L. *NY 200526: Gravferdsdagar i Sveio, samt tidsramme for nedsetjing av urner. (Solfrid)*
M. *NY 200526: Status Robotklipparar. (Rita)(2026 og 2027)*
N. *NY 010926: Ny dirigent for Aspirant- og Barnekoret.*
O. *NY 010926: Eirik Aadland Tappel slutte 30.08.*
P. *NY 010926: Vedlikehald av orgla i Valestrand kyrkje og Eikeland kapell vert gjennomført 13-16.09.*
Q. *NY 010926: Nytt Branntilsyn av ny leverandør Haugesund Brann- og redning blir gjennomført 08.10 (Sveio Soknehus) og 13.10 (Valen kapell og Valestrand kyrkje)*
R. *NY 010926: Status gravferdsprogrammet, Ecclesia.*
S. *S. NY 010926: Oppretting avb Tilsynsnemnd for kyrkjebygga – Dagfinn Fagerland Bjørge og Jostein Valen + kommunal prosjektleiar for kyrkjebygga i Sveio Andreas Ekrheim.*
281026: Nytt medlem Hilde Ekornsæter.
T. *Ny 281026: Skade på tak i Førde kyrkje – heller i tårnet har losna og falt ned på taket under og knust heller her – Entreprenør er sett på saka.*

Neste møte 09.12.26, kl 17.00 – kjente saker.

- *Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 281026.*

AU-møte 02.12.26, kl 14.00.

Sveio 26.10.2026

Solfrid Lier Habbestad (sign)
Leiar Fellesrådet

Rita Holmedal (sign)
Kyrkjeverje

GODKJENNINGSSAKER.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD			**SAKSPAPIR**
Møtedato	**Saksnummer**	**Saksbehandlar**	**Arkiv**
26.10.28	23/2026	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

Sak 23/2026 Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 010926.

Innkalling og Møteprotokoll frå 010926 vart godkjende utan merknader - møteprotokollen vart signert av Dagfinn Fagerland Bjørge og Jostein Valen.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD			**SAKSPAPIR**
Møtedato	**Saksnummer**	**Saksbehandlar**	**Arkiv**
26.10.28	24/2026	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

24/2026 Rekneskap 2026 pr 26.10, vedlegg. (Rita)

Dokument i saka 281026:

Vedlagt Rekneskapsoversikt pr 261026.

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 281026:

Rekneskapen pr 261026 presentert av Kyrkjeverja i møtet.

Behandling i møte 281026:

Resultatet pr 261026 viser eit mindreforbruk på kr 519'.

57100 Adm -200'

57200 Kyrkjer -120'

57300 Gravplassar -171'

57410 Diakoni – 202'

57420 Trusopplæring + 158'

57430 Konfirmantarbeid +41

57450/ 57455 Barnekora -27'

Inkl resultatet er heile tilskotet frå kommunen inkludert.

Kjente utgifter reste av året er:

Lønnskostnad nov/ des ca kr 600'

Arbeidsgivaravgift/ Pensjonskostnad kr 90'

Honorar/ km-godtgjerdsle til rådsmedlemmar ca kr 20'

Straumkostnad okt/ nov ca kr 45'

Avsetning til fond – diakoni ca kr 200'

Vi har innført innkjøpsstopp for alt som ikkje er absolutt nødvendig i 2026, men usikkert estimat på det som må kjøpast inn.

Kjente inntekter resten av året:

Bruk av fond Trusopplæring 10% av lønnskostnad kr 59'

Sjukepengerefusjon okt/nov ca kr 49'

Refusjon KLP-forsikring – avslutta forsikring pr 131126 ca kr 61'

Refusjon frå Soknehuset lønnskostnad servitørar og fellesutgifter ca kr 115'

Refusjon frå kommune IKT-teneste ca kr 50'

Festeavgifter kr 360'

Bruk av fond til oppgradering av ny bil ca 35'

Muleg tilskot frå Løa til diakoni kr 100'

Desse kjente tala for utgifter og inntekter gir eit mindreforbruk på kr 393', men det vert redusert med faktura for nødvendige innkjøp og eventuelt andre ukjende utgifter som td rep av taket på Førde kyrkja – der heller frå tårnet har falt ned og knust taket lengre nede – entreprenør er på saka.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak 281026:

Rekneskap for Sveio Kyrkjelege Fellesråd pr 26.10 vert tatt til orientering – ny oppfølging i neste møte 09.12.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 281026:

Møtet godkjende Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak.

DRØFTINGSSAKER.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD			**SAKSPAPIR**
Møtedato	**Saksnummer**	**Saksbehandlar**	**Arkiv**
26.10.28	25/2026	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

25/2026 Møte med kommunen 26.10 – Budsjettframlegg 2027.

Dokument i saka 281026:

Vedlagt framlegg til investeringsbudsjett for 2027.

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 281026:

Vedlagt framlegg til investeringsbudsjett for 2027 med fordeling over perioden 2027-2030.

Behandling i møte 281026:

Fellesrådsleiar og Kyrkjeverje informerte om møte med administrasjonen 26.10, som dei oppfatta som positivt – dei møtte Kommunedirektøren, Økonomisjef or Ordførar.

Vi gjekk gjennom Investeringsbudsjettet vårt og avklarte spørsmål kring budsjettpostane. Det var vilje til gjennomføring som planlagt – kanskje noko tidlegare der det var behov for forprosjekt, som ved utviding av gravplassen ved Sveio kyrkja. Elles var det semje om at taket på Sveio kyrkja var i prosess og vil bli fylgt opp innan gitte fristar med «Kyrkjebevaringsfondet». Lyssettinga var det ønskjeleg, frå Kommunedirektøren si side, å ta i samband med lyssetjing av ny Barnehage. Nye kontor må utgreiast i lag med teknisk for å få fram muleg plassering og kostnad.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak 281026:

Orienteringa frå møtet om investeringsbudsjettet for 2027 vert tatt til orientering.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 281026:

Møtet godkjende Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD			**SAKSPAPIR**
Møtedato	**Saksnummer**	**Saksbehandlar**	**Arkiv**
26.10.28	26/2026	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

26/2026 Mobilt høgtalaranlegg til kyrkjene.

Dokument i saka 281026:

Saka vert presentert i møtet.

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 281026:

Frå tid til anna er det ikkje plass til alle inni i kyrkja – ved to tilfelle har dette skjedd ved gravferder – der unge folk døyr. Siste tilfelle var i haust – der over 100 personar vart ståande utanfor kyrkja i Førde utan å kunna følgja seremonien inne i kyrkja.

Kyrkjeverja har med bakgrunn i dette henta inn pris på mobilt høgtalaranlegg, og vi har mottatt eit tilbod frå 4Sound i Haugesund på kr 21' eks mva – i tillegg kjem klargjering i kvar einskild kyrkje for å henta ut signal til sendar.

Ifølge 4Sound er systemet stabilt, trådlaust og har stor rekkevidde.

Det er 'og ein annan måte å gjera dette på – ved at ein trekkjer kabel frå hovudanlegget til høgtalar ute, men det medføre meir arbeid og vil ikkje bli usynleg.

Behandling i møte 281026:

Det var ikkje ønskjeleg å prioritera dette framfor ferdigstilling av orgelet i Kulturkyrkja i høve til tilskot. Sjølv om vi frå tid til anna har gravferder der det ikkje plass til alle inne – så er dette sjeldan, og det kom fram at vi kanskje har noko utstyr som kan nyttast – vi må sjekka ut det.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak 281026:

Vi gjennomføre innkjøp av dette i nytt budsjettår – ved eigne midlar, tilskot eller ei deling.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 281026:

Det var ønskjeleg å prioritera ferdigstilling av orgelet i Kulturkyrkja i høve til søknad om tilskot om midlar framfor mobilt høgtalaranlegg, og Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak vart dermed forkasta.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD			**SAKSPAPIR**
Møtedato	**Saksnummer**	**Saksbehandlar**	**Arkiv**
26.10.28	27/2026	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

27/2026 Status dugnadsgrupper og dugnadsoppgåver knytta opp mot kyrkjene våre – honorar?

Dokument i saka 281026:

Oppfølging av sak 21/2026 Vedlikehald av gravplassane ved kyrkjene våre, handsama i FR-møtet 010926.

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 281026:

Vi tek status på kor langt vi er komne med etablering av dugnadsgrupper og oppgåver, samt eventuelt honorar.

Behandling i møte 281026:

Status, og honorar.

Dugnadsgruppa ved Sveio kyrkja er godt i gang med arbeidet sitt – dei gjennomfører dugnad på gravplassen ved kyrkja annankvar onsdag, og har så reinska all kantsteinen langs stiane, samt ein del andre oppgåver.

Dugnadsgruppene ved kyrkjene i nord er under etablering og vil bli konstituert med ein leiar i Soknerådsmøtet 031126.

Honorar vart ikkje drøfta i dette møtet.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak 281026:

Orienteringa om dugnadsgruppene vert tatt til orientering.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 281026:

Møtet godkjende Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD			SAKSPAPIR
Møtedato	**Saksnummer**	**Saksbehandlar**	**Arkiv**
26.10.28	28/2026	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

28/2026 Søkjar til den vakante stillinga som »Fagarbeidar gravplassar og kyrkjebygg», samt intervju- og tilsetjingsutval.

Dokument i saka 281026:

Saka vert presentert i møtet.

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 281026:

Intervju- og tilsetjingsutval.

Behandling i møte 281026:

Kyrkjeverja informerte om at det var komen ein interessant søkjar til stillinga, og at vedkomande var invitert til intervju måndag 02.11

Nedsetjing av Intervju- og tilsetjingsutval.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak 281026:

I trå med tidlegare vedtak for intervju- og tilsetjingsutval ved slike stillingar er Kyrkjeverja sitt framlegg at følgjande utgjer både intervju- og tilsetjingsutval: Kyrkjeverja, 2. nestleiar i Fellesrådet og ansvarleg arbeidsleiar ute.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 281026:

Møtet godkjende Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak.

ORIENTERINSSAKER.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD			SAKSPAPIR
Møtedato	**Saksnummer**	**Saksbehandlar**	**Arkiv**
26.09.01	28/2026	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

A. ***Staben vår og aktivitetar.***
Alle vakante stillingar fylte pr 101125, men vi har no mottatt oppseiing frå Fagarbeidar kyrkjebygg og gravplassar – vedkomande har sin siste arbeidsdag hos oss 280226, og vi vil innan kort tid lysa ut stillinga på nytt.
040326: Stillinga er lyst ut i Vestavind, samt via Arbeidsplassen på NAV og Finn.no torsdag 26.02
200526: Vi utsette fristen frå 09.04 til 08.05, og har fått 4 søkjarar, samt ein som ønskjer sommarjobb. Vi kallar alle inn til intervju, og i første omgang for å få på plass ein ferievikar som kan handtera og frakta køyretøya i ferietida.
281026: Delvis sjukemelding innan Diakoni og Trusopplæring.

B. ***Sakristia i Sveio kyrkja - kostnad, status og framdriftsplan.***

040624: Arbeidet her er planlagt med eigne ressursar og noko dugnadshjelp, og vil bli jobba med haust/ vinter 2024/ 2025 og 2025/2026..
Status 291024: Det vart i STABS-møtet 17.10 sett ned ei prosjektgruppe som skal ha ansvar for det vidare arbeidet med sakristia inntil dei er ferdig stilte. Planleggingsarbeidet er starta og prestesakristiet vert prioritert sidan det vert mest brukt. Vi vurderer 'og opp-pussing av det som vert nytta som dåpssakristi i dag - etter at dei to sakristia vi no jobbe med er ferdige.
Status 031224: God framdrift i prestesakristiet – gammal tapet og el kablar er fjerna, og maling av lister godt i gang.
Status 040225: Ny tapet på plass og klar for maling – eit mål om å ha prestesakristiet klart til innsetjing av ny sokneprest 090225.
Status 250325: Prestesakristiet vart ferdig stilt til innsetjing av ny sokneprest 090225. Arbeidet med noverande dåpssakristi/ kjøkken er under planlegging og blir prioritert framfor det andre sakristiet som for tida vert nytta til el installasjonar og noko lager.
Status 221025: Arbeidet vil start opp att straks ein er ferdig med plenklippinga på gravplassane. Solfrid Lier Habbestad søkjer Løo om midlar til nytt kjøkken.
Status 101225: Kostnadsoverslag under arbeid – vil bli sendt Løa straks over nytt år – bestillinga vert effektuert straks midlar er mottatt – gjeld nytt kjøkken og nye møblar til dåpssakristiet (kjøkkenet) , samt barnemøblar til kyrkjerommet. Maling av rommet og nytt golv vert effektuert av «utegruppa» – dei vil 'og montera nye skap og møblar når dei er på plass. Det vert vurdert ulike varmeelement – pris blir henta inn.
Status 040226: Søknaden om støtte frå Løa er godkjend, og tilskotet vil dekka nytt kjøkken og møblar – omfatte og møblar til leikekrok i kyrkjerommet. Arbeidet er starta.
Status 200526: Det meste av arbeidet er no fullført – det gjenstår litt elektrikararbeid. Leikekroken i kyrkjerommet er ferdig stilt og tatt i bruk.

C. Rehabilitering av tak i Sveio kyrkja – kostnadsestimat, finansiering, status og framdriftsplan.

Status 291024: Det var synfaring med prosjektleiar Andreas Ekrheim, kulturkonsulent i kommunen Ellen Tveit, arkitekt og bygningsvernrådgjevar ved Sunnhordland Museum, Kathrine Norum 24.09. Målet var å få oversikt over arbeidet som skulle gjerast, og som kunne resultera i ein rapport som skulle leggja grunnlag for ein søknad til Kyrkjebevaringsfondet – der fristen for å søkja om midlar for 2025 er 04.11. Prosjektleiar har i ettertid utarbeida grunnlagsrapport og kostnadsramme på 2,7 mill for prosjektet, og Kyrkjeverja vil innan fristen søkja om midlar frå fondet dokumentert i utarbeida rapport og kostnadsramme.
Status 031224: Søknaden vart sendt innan fristen – meir dokumentasjon er etterspurt og prosjektleiar i kommunen og Kyrkjeverja følgjer opp.
Status 250325: Ny oppdatert søknad vert sendt i løpet av hausten.
Status 221025: Frist for å senda inn ny oppdatert søknad er 031125. Prosjektleiar i kommunen har ansvar for oppfølging av dette prosjektet.
Status 101225: Søknaden vert utsett til 2026 – dette fordi vi berre har 3 år på å ferdigstilla prosjektet frå midlane vert tildelt og kommunen har først løyvt midlar til dette i 2028.

D. Tilsyn av kyrkjer/ kapell og Soknehuset 230424 – tilsynsrapportar.

040624: Viser tilsynsrapport for Sveio kyrkja som var vedlagt innkallinga til møtet. Tilbakemelding med framdriftsplan vart sendt Tilsynet HBR innan fristen 150624. Framdriftsplanen legg opp til at vi skal ha korrigert for påpeika avvik i løpet av hausten.
Status 291024: Det vart i STABS-møtet 17.10 sett ned ei prosjektgruppe som skal ha ansvar for den vidare prosessen med frist 31.12.
Status 031224: Første møtet i prosjektgruppa blir halde 051224 – oversikt og framdriftsplan.
Status 221025/ 101225/ 040226/040326/200526: Under arbeid.
Status 010926: Vi avvente nytt tilsyn frå ny leverandør, Haugesund Brann- og redning.
Status 281026: Nytt Tilsynet er gjennomført 131026 med oppfølgingstiltak.
Status 030925: Referat frå både FR og SR-møta vert no lagt ut løpande på nettsida vår – under fana «Om oss» og dei ulike råda.

E. ***NY 130525*: Nytt varmestyringssystem i Valestrand kyrkje.**
Finansiert med investeringsmidlar frå kommunen og tilskot frå ENOVA – oppstartmøte halde 070525 – framdriftsplan tilseier at dette skal vera på plass i desember 2025.
Status 221025: Ifølge prosjektleiar i kommunen vil det bli søkt om energitilskot til dette prosjektet. Søknadsfrist 211125. Dersom midlar vert tildelt er planen å fullføra prosjektet i løpet av 1. kvartal 2026.
Status 101225/ 040226: Status 0402267 040326: Ifølge prosjektleiar i kommunen Andreas Ekrheim, ligg søknaden hos ENOVA.
Status 200526: Arbeidet nærme seg ferdigstilling.
Status 010926: Avvente tilbakemld frå prosjektleiar på status.
Status 281026:

F. ***NY 030925*: Ny Rammeavtale elektrikar – opsjon på kommunen sin avtale – iverksett.**
Framover vil dermed Frøvik Elektro AS vera kyrkja sin kontakt innan elektrikartenester.

G. ***NY 030925: Vedlikehald Valen kapell.***
Status 221025: Førebels utbetra skader etter stormen Amy. Det vil elles bli utbetra roteskader i og kring vindaugo. Andre ting må søkjast Riksantikvaren om - då kapellet er verna/ listeført.
Status 101225/ 040226/ 040326/200526/ 01092/ 281026: Uendra frå 101225.

H. ***Ny 030925*: Universell tilgang til kyrkjer og kapell, samt til koret/Scenen i Sveio og Valestrand kyrkje.** *Dette er eit innspel frå Biskopen under Bispevisitasen hausten 2024.*
Status 221025/ 101225/ 040226/040326: Arbeid ikkje starta.
*040326: Solfrid Lier Habbestad fremja ønskje om å be Sveio sokneråd komma med innspel til løysing i Sveio kyrkje - **Kyrkjeverja** melder saka til møtet i sokneråd 12.03. Møte med vår prosjektleiar i kommunen Andreas Ekrheim vert vurdert seinare.*
010926/ 281026: Sjå eiga sak, sak 20/2026.

I. ***NY 040226*: Kontorsituasjonen med manglande kontor på kyrkjekontoret.** *Saka er meldt i budsjettframlegget vårt til kommunen for 2026.*
Status 040226/ 040326: Kommunen er purra på saka i januar - vi avvente tilbakemelding.
Status 200526: Vi melder saka til investeringsbudsjettet for 2027.
Status 010926/ 281026: Saka er meldt til investeringsbudsjett for 2027.

J. ***NY 040226*: Lys til parkeringsplass ved kyrkjekontoret – kostnadsoverslag, og ved Valestrand kyrkje.** *Saka er meldt i budsjettframlegget vårt til kommunen for 2026.*
*Status 040226/040326: Vi har mottatt eit estimert kostnadsoverslag på kr 70 000 frå prosjektleiar Andreas Ekrheim i kommunen, og fordi dette er ein kostnad under 100' kan det ikkje reknast som investering, og må dermed gå over vedlikehaldsbudsjettet – saka må då takast vidare med Frederik A Flood i kommunen, og **Kyrkjeverja** tar den vidare med han. Møtet hadde elles ønskje om at **Tor Helge Hardeland** gjorde ei vurdering på om det kan setjast opp ein lyskastar som eit rimelegare alternativ til lysmastene på parkeringsplassen ved kyrkjekontoret - han kjem tilbake på det og på pris.*
Status 200526: Vi har fått eit kostnadsoverslag frå Andreas Ekrheim i kommunen på kring 70', og det er ikkje noko vi har midlar til – så det bør 'og inn i investeringsbudsjettet for perioden 2027-2030.
Status 010926 /281026: Saka er meldt til investerings-/ driftsbudsjett for 2027.

K. ***NY 040226*: Ny arbeidsbil til kyrkja.** *Dette er ein bli som vert kjøpt inn over kommunen sitt investeringsbudsjett.*

Status 040226: Bilen er i bestilling, og har ei leveringstid på 6-8 veker – det er ein Renault Master e-tech med firehjulsdrift, som kan dra inntil 2500 kg og som dekke behovet ifølge utegruppa.
Status 040326: Bilen blir levert denne veka. Vi må ordne med logo og autopassbrikke, samt innreiing.
Status 200526: Bilen er mottatt og tatt i bruk, autopassbrikke er på plass – vi har fått tilbod på innreiing som vist til under sak 14.2026. Kommunen kjøpe bilen, men vi må dekke forsikringa og autopass-kostnad.

L. ***NY 040226: Jobbe med å få på plass TV og VOB i STABEN.*** *Det er frå Kyrkjeverja si side svært ønskjeleg å få dette til, men det har vore vanskeleg å få nokon til å ta på seg verva.* ***Kyrkjeverja*** *jobbe vidare med saka.*
Status 040326/200526/ 010926/ 281026: Uendra

M. ***NY 200526: Gravferdsdagar i Sveio, samt tidsramme for nedsetjing av urner.*** *(Solfrid)*

N. ***NY 200526****: Føring av gravplassplassering i kyrkjebøkene går ut – er erstatta av gravferdsprogrammet i Ecclesia. (Rita)*

O. ***NY 200526****:* ***Status Robotklipparar. (Rita)(2026 og 2027)***
Status 010926: To robotklipparar har vore i sving i sommar – ved Sveio og Førde kyrkje – dei har hjelpt på ressursmangel.

P. ***NY 010926:*** ***Ny dirigent for Aspirant- og Barnekoret – Serine Ann King Johannessen.***
Status 281026: ***Serine er sjukemeld og Berit Katla er inne som vikardirigent*** *– ho har vikariert i stillinga tidlegare – det fungere godt, og programmet for hausten vert fulgt opp av henne.*

Q. ***NY 010926: Eirik Aadland Tappel slutte, og det blir jobba med utlysing av ny sokneprest*** *etter han – inntil vidare vil soknepresten Trude-Christina Helgesen Halvorsen og prost Arild Steinsland fordela nokre av hans oppgåver mellom seg, samt at det vert bruk av vikarprestar inntil ny soknepresten er på plass.*
Status 281026: Det er søkt etter ny prest for Eirik – søknadsfrist 081126 og tilsetjing 031226.

R. ***NY 010926: Vedlikehald av orgla i Valestrand kyrkje og Eikeland kapell*** *vert gjennomført 13-16.09.*

S. ***NY 010926: Nytt Branntilsyn av ny leverandør Haugesund Brann- og redning*** *blir gjennomført 08.10 (Sveio Soknehus) og 13.10 (Valen kapell og Valestrand kyrkje)*
Status 281026: Tilsynet er gjennomført 131026 med oppfølgingstiltak

T. ***Ny 010926: Status gravferdsprogrammet, Ecclesia*** *– under arbeid*

U. ***NY 010926: Oppretting av Tilsynsnemnd for kyrkjebygga*** *– Dagfinn Fagerland Bjørge og Jostein Valen + kommunal prosjektleiar for kyrkjebygga i Sveio Andreas Ekrheim.*
281026: Nytt medlem Hilde Ekornsæter.

V. ***NY 281026: Skade på tak i Førde kyrkje*** *– heller i tårnet har losna og falt ned på taket under og knust heller her – Entreprenør er sett på saka.*

Møteplan for 2026.

Møteplan vår 2026.

AU-møte: 28.01, 18.03 (går ut) og 13.05

FR-møte: 04.02, 04.03 og 20.05

Møteplan haust 2026.

AU-møte: 26.08 – flytta til 24.08, 14.10 (går ut pga av ferie), 02.12 – alle på onsdagar.

FR-møte: tys 01.09, ons 28.10 og ons 09.12.

FR-møta vert fom 28.10 haldne i Sveio Soknehus frå kl 17.00.